



Til	Vår sakshandsamar	Vår dato	Vår referanse
Alver kommune	Cato Dørmænen	03.01.2022	2020/150-7/314
Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG		Tidligare dato	Tidligare referanse

Uttale til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver 2022-2034, Alver kommune, Vestland.

Viser til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver kommune, Vestland fylke.

Forsvarsbygg uttaler seg, og har motsegnskompetanse til planer etter plan- og bygningsloven for å avverje at vitale militære interesser vert forringa ved nye planvedtak. Utgangspunktet vil alltid være at Forsvarets faste tilstadevering har bakgrunn i ei nasjonal slutning om lokalisering, og at den militære verksemda som gjennom denne slutninga er tiltenkt å være på staden, må kunne vidareførast.

Ved gjennomgang av plandokumenta finn vi ikkje at Forsvarets interesser i kommunen er omtala.

Forsvarsbygg viser til at Forsvaret har interesser i kommunen som skal vidareførast. Dette gjeld områder i sjø, omfatta av Herdlefjorden (militært forbodsområde i sjø) og Hjeltefjorden (skyte- og øvingsfelt V12), samt enkelte andre mindre lokasjonar ved Marøy, samt skytebaner ved Seim, Manger og Meland.

Ivaretakinga av desse interessene vil først og fremst vere av viktigkeit for Forsvarsbygg at vert gitt riktige formål ved utarbeiding av arealdelen til kommuneplan. Særlig er det militære forbodsområdet i Herdlefjorden og skyte- og øvingsfeltet i Hjeltefjorden viktig for å ivareta Forsvarets operative evne.

I planprogrammet kap. 5 «Nasjonale og regionale føringar» vert lovverk og retningslinjer som legg føringar for planarbeidet i kommunen lista opp. Forsvarsbygg vil her presisere at Lov om nasjonal sikkerhet (sikkerheitslova) har verknad for ivaretaking av Forsvarets interesser.

Til kommuneplanens samfunnsdel konkret, har vi ingen særskilde merknader, men ber kommunen ta det ovannemnte til etterretning.

For vidare prosess og arbeid med kommuneplanane i kommunen, så oppfordrer vi også kommunen til å legge vår arealplanvegleiar til grunn;

<Https://www.forsvarsbygg.no/no/publikasjoner/arealplanlegging/>

Vi ber vidare om å bli haldne orienterte om det vidare arbeidet med kommuneplan i kommunen

Bjørn Bergesen
Leiar Arealplan

Forsvarsbygg

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.